



STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 09.03.2023

Vår ref.: 202204065-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 23/65-1

Sakshandsamar: Bjarte Sandal,
22959539, bjas@nve.no

NVE fremjar motsegn til arealdelen av kommuneplanen for Sunnfjord kommune

Vi viser til brev datert 11.01.2023 og til vårt tidlegare innspel av 28.03.2022 til planoppstart. Vi viser også til avtale om utsett uttalefrist sett til den 10.03.2022.

Saka gjeld offentleg ettersyn av framlegg om arealdel til kommuneplan for Sunnfjord kommune. Planforslaget er den første arealdelen for Sunnfjord kommune etter kommunesamanslåinga den 01.01.2020. Tidlegare bestod noverande kommune av kommunane; Førde-, Jølster-, Naustdal- og Gaular kommunar. Vedteken kommuneplan vil erstatte kommuneplanane for desse kommunane.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planforslaget. Grunnlaget for motsegn er at:

- **Kartlagde kvikkleire-soner må visast i plankartet som omsynssoner. Det må utarbeidast meir konkrete føresegner til desse, og til omsynssonene H310_1 – 5, H320_1-2 for skred og flaum (jf. føresegnene § 10.1).**
- **Det må avsetjast omsynssoner for dei verna vassdraga Nausta, Storelva og delar av Guddalsvassdraget i plankartet. Det må også verte utarbeidd tilhøyrande føresegner til desse omsynssonene.**
- **Det ikkje er gjennomført nødvendige avklaringar i høve aktuelle naturfarar på siste plannivå for areal med opning for LNF – spreidd utbygging. Dette gjeld også areal for fortetting og utbygging innanfor eksisterande byggeområder. Jamfør KDD sitt rundskriv H-5/18 om «[Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#)» - kap. 2.11.1. Grunnlaget for motsegn fell bort når omsyn til aktuelle naturfarar er utgreidd og dokumentert av fagkunnig og ev. nødvendige tiltak er sikra i planforslaget, eller det er sett plankrav.**

Samla fell grunnlaget for motsegn bort dersom planforslaget med tilhøyrande føresegner vert endra i samsvar med punkta ovanfor. Motsegnspunkta er forankra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).



Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegn-kompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Arealdelen

NVE hadde møte med Sunnfjord kommune den 22.09.2022 om korleis omsyn til aktuelle naturfarar kan innarbeidast i arealdelen av kommuneplanen. I planomtalen kap. 3.8 er det vist til korleis kommunen har innarbeidd omsyn til ulike typar skred, flaum, kvikkleire, stormflo og havnivåstigning i planforslaget. Korleis omsyn til overvatn, vassdragsmiljø og anlegg for framføring av elektrisk kraft er ikkje omtalt i kap. 3.8. Vi vil kome tilbake til dette i merknadane nedanfor.

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, skred, erosjon og overvatn. Pågåande klimaendringar vil auke risikoen for desse faretypeane. Ofte er det ei utfordring for kommunane å setje av store nok og samanhengande areal for å sikre overvatnet si avrenning på overflata ved intense nedbørshendingar, vassdraga sine kapasitetsbehov i flaum, erosjonsutsette areal, skredutsette areal og nødvendige areal for avbøtande tiltak (sikringstiltak). Spesielt gjelder dette i fortettings- og transformasjonsområde.

I «Konsekvensutgreiing og risikoanalyse av nye arealformål» kap. 5 om samla vurdering av tema i konsekvensutgreiinga, går det fram at dei areala med ingen eller mindre risiko er prioritert framfor areal med større sannsyn for uønskte hendingar. Dette gjelder særleg i den grad det er mogleg å unngå utbygging i aktsemd- og fareområde for skred, usikker byggegrunn med kjente marine avsetningar, eller der det er fare for flaum, havnivåstigning eller ekstremvêr m.m. Vidare heiter det at basert på dagens kunnskap bør ein allereie i arealdelen styre unna dei mest risikofylte områda. NVE meiner dette er eit godt utgangspunkt for utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen.

Oppfølging av arealstrategi

Arealstrategien som er fastsett i samfunnsdelen av kommuneplanen skal følgjast opp i arealdelen av kommuneplanen (jf. kap. 2.1 i planomtalen). Arealstrategien vart i følgje kommuneplanen utarbeidd for å bidra til ei utvikling som samsvarar med lokale, regionale og nasjonale mål for arealplanlegginga.



NVE viser til at ein strategi for arealdelen bør fastsetje at utbyggingsområde i utgangspunktet ikkje blir plassert i områder utsett for naturfarar slik det går fram av KU og ROS-analysen. I arealstrategien for Sunnfjord kommune går det m.a. fram at det skal leggest stor vekt på samfunnstryggleik i både nye og eksisterande byggeområde. Vidare går det fram at utbygging langs vassdrag ikkje bør forringe kvalitet og verdiar som rår ålmenne interesser som t.d. ferdsle, tilgang og naturmangfald (jf. punkt 9 og 12 i overordna strategiar for arealplanlegginga i Sunnfjord kommune, samfunnsdelen).

NVE sine konkrete merknader og motsegn

Aktsemdsområder og fareområder

Det er viktig å avklare omsynet til flaum- og skredfare tidleg i planprosessen slik at dette kan vere førande for vidare planlegging. På kommuneplannivå kan det leggest til grunn ei grovare kartlegging av områder/areal der det er potensiell fare (aktsemdsområder). For områder der faren er avklart, og det føreligg ei detaljert farekartlegging (faresoner) må desse leggest inn i plankartet som omsynssoner, med tilhøyrande føresegner.

Den nyaste kunnskapen må brukast. Utreiingar skal dokumenterast og vere etterprøvelege. Kva som er grunnlaget for dei ulike omsynssonene for naturfare som er markert i plankartet må gå klart fram av planforslaget.

Generelt gjeld at som eit minimum må omsynssonene for flaum og skred visast i eksisterande byggeområde, og der det vert opna for ny utbygging. Til omsynssonene skal det vere gitt juridisk bindande føresegner (pbl § 11-8 tredje ledd, bokstav a) som forbyr, eller set vilkår for tiltak og/eller verksemd innanfor sona som er nødvendig for å hindre skade eller tap, sjå NVE rettleiar nr. [2/2017](#) «*Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging*», side 7.

I planomtalen kap. 3.8 om klimatilpassing og naturfare heiter det m.a. at: «...*Det skal leggest stor vekt på samfunnstryggleik i nye og eksisterande byggeområde. Naturfare er eit viktig tema i arbeidet med arealdelen. Alle innspela er vurdert mot kartlagt naturfare. Det er fastsett at nye forslag til utbyggingsområde med stor risiko ikkje skal bli med i arealplanen.*»

I samråd med NVE er det utarbeidd ei samla omsynssone med kombinasjonen aktsemdsområder for snøskred og steinsprang (NGI) og aktsemdsområder for jord- og flaumskred. I tillegg er dei landsdekkande aktsemdskarta nytta i områder der det ikkje er anna kartlegging. Omsynssonene for aktsemdsområde med samla potensiell fare er vist som sone H310_1 i plankartet.

Der det er utarbeidd faresonekart for skred i bratt terreng er desse avsett i plankartet som omsynssoner - fareområde. For skred i bratt terreng er det sett av omsynssone H310_2 for skred med gjentaksintervall 1/100, omsynssone H310_3 for skred med gjentaksintervall 1/1000 og omsynssone H310_4 for skred med gjentaksintervall 1/5000.



Aktsemd for områdeskred av kvikkleire er vist som omsynssone H310_5. Dette bygger på oversiktskartlegginga av kvikkleire i Førde området og i Naustdal, jf. [kart fra oversiktskartlegging kvikkleire - Aktsomhetsområder, NVE](#). Det er, så langt vi kan sjå, ikkje lagt inn kartlagde reelle kvikkleiresoner eller løsne- og utløpsområder i Førde og Naustdal. NVE meiner dette er ein mangel med planframlegget. Kartlagde kvikkleiresone er ikkje utfyllande omtalt i planomtalen eller i føresegnene.

I tillegg til dette er det lagt inn områder med mogleg samanhengande førekomst av marin leire (MML- kart). Der det ikkje er utarbeidd MML-kart er areal under marin grense vist som aktsemdsområde.

NVE viser til at kartlagde kvikkleiresoner, løsne- og utløpsområder i Førde og Naustdal må visast i plankartet som eigne omsynssoner med tilhøyrande føresegner som gjeld innanfor sonene. Vi viser også til at det må utarbeidast eigne føresegner også til MML- områda og areal under marin grense. **Det er knytt motsegn til dette punktet.**

Det er positivt at føresegn i § 1.7.16 sikrar at saman med reguleringsplan og byggeprosjekt skal det dokumenterast at utførte grunnundersøkingar er levert til NADAG.

For flaum er det vist kartlagde faresoner som omsynssone H320_1 – faresone for flaum og aktsemdsområder for flaum som H320_2. For Gaularvassdraget engasjerte NVE Multiconsult til å utarbeide ein studie for å sjå på heilskapleg flaumsikring av vassdraget. Rapporten er nyleg ferdigstilt, sjå [NVE Ekstern rapport 4/2023: "Mulighetsstudie for flomsikring av Gaularvassdraget"](#). I rapporten er det utarbeidd flaumsonekart for ein 200-årsflaum med 40 % klimapåslag frå inst i Haukedalen og til Osen/Bygstad. Mange eksisterande bygg og anlegg ligg flaumutsett til i dag og rapporten har avdekket fleire kritiske objekt (vegar, bruer, vassforsyning, m.m.) som bør sikrast.

NVE meiner at kommuneplanen bør legge flaumsonekartet frå Multiconsult til grunn for omsynssona som er lagt inn langs Gaularvassdraget dersom dette ikkje er gjort. Etter det vi kan sjå er det samsvar mellom innlagt omsynssone og faresonekartet som er utarbeidd av Multiconsult. I den grad det er motstrid mellom plankartet og flaumsone i studien må plankartet/omsynssona justerast i samsvar med studien frå Multiconsult.

Det er også utarbeidd faresonekart for flaum (omsynssone H320_1) kring Førde tettstad og Jølstra/Anga og i Naustdal sentrumsområde og Nausta. Etter det vi kan sjå er desse lagt inn i plankartet med rette avgrensingar.

Aktsemdsområde for flaum (omsynssone H320_2) er lagt inn for alle vassdraga i kommunen, og så langt vi kan sjå også her med rette avgrensingar. For omsynssonene for flaum er det ikkje utarbeidd konkrete føresegner.



Felles for alle omsynssonene som er nemnde ovanfor er at det ikkje er utarbeidd konkrete føresegner for kva som kan tillatast innanfor sonene. NVE viser til vår rettleiar nr. 2/2017 om «*Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging*», side 7. Her går det som nemnt ovanfor fram at det skal vere gitt konkrete juridisk bindande føresegner (pbl § 11-8 tredje ledd, bokstav a) som forbyr, eller set vilkår for tiltak og/eller verksemd innanfor omsynssonene som er nødvendig for å hindre skade eller tap.

Det er utarbeidd føresegn i § 10 som gjeld alle omsynssonene, men dette blir for lite konkret og er felles for mange ulike omsynssoner. Behov for konkrete føresegner gjeld særleg kartlagde fareområder som viser reell fare, men også elles. Her må det fastsetjast føresegner som hindrar ev. fare for skade eller tap i tråd med krava til sikker byggegrunn i pbl § 28-1 og TEK17 kapitel 7. NVE meiner også at dei reelle kartlagde sonene for kvikkleire må visast i plankartet med tilhøyrande føresegner. **Det er knytt motsegn til planforslaget inntil sonene for kvikkleire er innarbeidd i plankartet og det er utarbeidd konkrete føresegner til dei aktuelle omsynssonene som er nemnde ovanfor.**

Byggegrense til vassdrag og markering av verna vassdrag

I plankartet er Gaularvassdraget, som er eit av fleire verna vassdrag i Sunnfjord kommune, vist som omsynssone H550 – jf. § 10.3.5 i føresegnene. I føresegnene er det vist til Differensiert forvaltningsplan for Gaularvassdraget, og at søknadspliktige tiltak skal vurderast etter forvaltningsplanen. Det er også vist til at byggegrense langs vassdrag i samsvar med byggegrenser sett i føresegnene § 11.2 skal gjelda framfor forvaltningsplanen.

Vi reknar med at det er § 9.2 i føresegnene som er meint då det er denne føresegna som gjer framlegg om byggegrenser langs vassdrag. Den differensierte forvaltningsplanen for Gaularvassdraget er retningsgjevande og byggegrensene som vert fastsett i § 9.2 er juridisk bindande, så føresegn om at byggegrensene i § 9.2 skal gjelde framom forvaltningsplanen er unødvendig. NVE gjer i denne samanheng merksam på og føreset at dette ikkje kan medføre skade, eller ulempe for ålmenne interesser, eller verneverdiar som forvaltningsplanen skal bidra til å sikre. NVE viser elles til at 50 meter byggegrense slik det vert gjort framlegg om er eit minimum av det som normalt kan akseptertast. Byggegrense sett til 20 meter for mindre vassdrag slik det går fram i § 9.2.3 i føresegnene er også eit minimum av det som normalt kan akseptertast (jf. NVE rettleiar nr. 2/2017 om [«Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#)).

NVE viser til dei andre vassdraga i Sunnfjord kommune som er verna mot kraftutbygging gjennom verneplan for vassdrag også må visast i plankartet på same måte som Gaularvassdraget (omsynssone H550). Dette gjeld vassdraga Nausta, Storelva (Laukeland) og del av Guddalsvassdraget. I følgje planforslaget skal det utarbeidast differensiert forvaltningsplan også for desse vassdraga i framtida.



Vi kan elles ikkje sjå at desse vassdraga er omtalt i planforslaget. Det må også utarbeidast føresegner til omsynssonene for desse vassdraga, og kommunen må legge [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag](#) til grunn for forvaltninga.

Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Arealbruken som arealdelen legg opp til kan ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraga. De kan finne meir informasjon om verna vassdrag generelt, og om dei einssilde vassdraga, på våre nettsider - [Verneplan for vassdrag - NVE](#).

NVE finn grunn til å knyte motsegn til planforslaget inntil det er innarbeidd omsynssoner for dei verna vassdraga Nausta, Storelva og delar av Guddalsvassdraget i plankartet. Det må også verte utarbeidd tilhøyrande føresegner til omsynssonene.

LNF- spreidd utbygging og utbygging/fortetting i eksisterande byggeområder

I følge rundskriv H-5/18 om «[Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#)», frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD (no KDD), s.12), skal reell fare vere avklart på siste plannivå. Dersom kommuneplanen opnar for at tiltak, t.d. enkelttomter knytt til eksisterande byggeområder, eller for at det i områder for LNF-spreidd kan gjennomførast utan plan, må naturfare være avklart, og i nødvendig grad utgreidd, av fagkunnig på kommuneplannivå. Det må då i kommuneplanen vere dokumentert at, og eventuelt korleis, tryggleiken vil bli tilstrekkeleg ivareteken.

I kapittel 2.11.1 i rundskrivet går det fram at: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt. Ved byggesaksbehandlingen er det dessuten svært vanskelig å håndtere dokumentasjonen. For å få medvirkning fra de som blir berørt må dokumentasjonen være en del av plansaken.*» NVE viser også til at tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift med rettleiing (TEK17) kap. 7, gjeld all for utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting.

Kommuneplanen for Sunnfjord kommune opnar for ei rekkje område der spreidd utbygging vert tillate utan plankrav (LNF-spreidd). *Fleire av areala ligg i aktsemdsområder og også innanfor fareområder.* Det vil seie at arealdelen av kommuneplanen for Sunnfjord er siste plannivå for desse områda, og at reelle naturfarar skal vere avklart og tryggleiken dokumentert av fagkunnig på dette plannivået.

Framlegg om kommuneplan opnar m.a. for LNF- spreidd utbygging av bustader, fritidsbustader og næring. Det vert også opna for fortetting og utbygging innanfor eksisterande byggeområde utan plankrav. Det vert tilsvarande argumentasjon knytt til utbygging i eksisterande byggeområde som for LNF – områder med høve for spreidd utbygging.



NVE kan ikkje sjå at det føreligg dokumentasjon som avkreftar, eller avklarar reelle naturfarar i dei aktuelle byggeområda (LNF-spreidd og fortetting/utbygging i noverande byggeområde) Dette skal føreligge på siste plannivå slik KDD rundskriv H-5/18 krev. Vi ber difor om at kommunen går gjennom desse byggeområda på nytt, og at det vert lagt fram fagkunnig dokumentasjon som avklarar den reelle naturfaren, og at tilstrekkeleg tryggleik vil bli oppnådd - eventuelt ved hjelp av nødvendige sikringstiltak. Inntil slik fagkunnig dokumentasjon føreligg er det knytt motsegn til planforslaget. Alternativt kan det knytast plankrav til LNF-spreidd utbygging og utbygging i eksisterande byggeområde der områda er omfatta av fareområde.

Nye byggeområde med plankrav

Det er elles lagt inn nye byggeområde for ulike føremål på areal med potensielle naturfarar, det er knytt plankrav til desse. Fagkunnig utgreiing og dokumentasjon av reell naturfare er overlata til neste plannivå, dvs. på reguleringsplannivå. *NVE må difor ta atterhald om at det ikkje er endeleg avklart om alle byggeområda som ligg inne i planforslaget kan gjennomførast slik dei føreligg i planforslaget, og at det kan verte aktuelt med motsegn frå NVE på seinare reguleringsplannivå. Etter ein gjennomgang av byggeområda i planforslaget ser vi at fleire av områda råkar våre ansvarsområde. Vi vil såleis måtte kome attende til desse byggeområda i samband med motteken fagkunnig dokumentasjon i dei ulike planprosessane med utarbeiding av reguleringsplanar for tiltaka.*

Vernskog

I Sunnfjord kommune er det fleire skogsområde som har funksjon som vernskog. Etter det vi kjenner til skal kommunen tidlegare ha motteke eit oversyn over aktuell vernskog som har verknad for kartlagt skredfare. Dersom skogen vert teken ut, vil dette ha stor påverknad for aktuelle skredfasesoner. NVE meiner at kommunen må vurdere om denne kunnskapen skal få verknad for eventuell skogsdrift i dei aktuelle områda.

I arealdelen kan det regulerast omsynssone (vernskog) med tilhøyrande føresegner som set restriksjonar på skogsdrift, eller set krav om nærare vurderingar i samband med skogsdrift for å unngå uheldige verknader for nedanforliggende areal.

Overvatn

På grunn av venta klimaendringar med hyppigare og meir intens nedbør vil overvatn truleg utgjere eit aukande problem i framtida. Utbygging av naturområde med auka del harde og ugjennomtrengelige flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstrøms. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar.

Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de alltid vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Kartlegging av flaumvegar kan vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på eit flaumvegart, flaumsituasjonen i vassdrag, og som oftast avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnett, bør de vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde.



Dersom ein skal sikre samanhengande flaumvegar på ein god måte krev dette planlegging på oversiktsnivå. Dette kan gjerast som ein del av kommuneplanarbeidet, eller de kan sette krav om felles planlegging for område som omfattar nedslagsfeltet. Dersom dette ikkje er gjort på overordna nivå kan framlegg om ny arealbruk vere til hinder for gode flaumveg løysingar - jf. [NVE sin rettleiar nr. 4/2022: «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar : korleis ta omsyn til vassmengder?»](#).

Vi kan ikkje sjå at det er kartlagt aktuelle flaumvegar på kommuneplannivå og meiner dette er ein mangel med planforslaget. Det er sett krav i føresegnene om utarbeiding av rammeplan for VA og overvatn som del av komande reguleringsplanar (jf. §§ 1.2.1 og 4.1.9 i føresegnene). Det er også innarbeidd krav om rekkjefølgje som krev etablering av nødvendige anlegg for overvatn før areal avsett til bygg og anlegg kan takast i bruk (jf. § 1.3.1). Krav om rekkjefølgje, slik at overvasstiltak er etablert før bygg og anlegg kan takast i bruk, skal innarbeidast i alle komande reguleringsplanar (jf. § 1.3.3.).

Det går elles fram at blågrøne kvalitetar skal sikrast i alle utbyggingsområde og ved handsaming av plan- og byggjesaker. Blågrøn struktur omfattar mellom anna vassvegar, overvatn, vegetasjon og område med opphaldskvalitetar (jf. § 1.5.12).

Vidare går det fram av føresegnene § 1.7.1 at: *«Forholdet til naturfare, framtidig klimaendring og folkehelse skal avklarast i reguleringsplan. Nye og reviderte reguleringsplanar skal vise areal for gjennomgåande flaumvegar som sikrar skadefri avrenning under ekstremvêr»*.

I § 6.2.3 vert det slått fast at: *«Viktige eigenskapar som naturlege fordrøyningsanlegg skal takast vare på»*. NVE meiner det er sett mange positive krav knytt til overvasshandsaming i føresegnene.

Vassdrags- og energianlegg

Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå pbl, jf. § 1-3. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal visast med omsynssone (H740) bandlegging etter anna lovverk i plankartet (jf. pbl § 11-8 d). I føresegnene er det vist til bandlagde trasear etter anna lovverk med omsynssone H740 – jf. § 10.4.3, dette er også vist i plankartet.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til plan- og bygningslova. Desse kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2. NVE ber dykk kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at de kan ta omsyn til ev. planlagde nye kraftleidningar, og oppgradering av eksisterande.



I samsvar med teiknereglane er omsynssone H740 markert som svart rutemønster (horisontal/vertikal). Det er ikkje vist til kor breie omsynssoner som er avsett. I § 1.4.3 går det fram at: «Byggegrenser langs høgspenteleidningar samsvarar med omsynssona i plankartet.» Vi viser til NVE rettleiar nr. 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»; «Til en konsesjon kan det følge rettighet til et rydde- og byggeforbudsbeltet, også omtalt som klausuleringsbelte, ryddebelte o.l. Dette er en korridor som nettselskapene får bruksrett til, for å kunne drifte og vedlikeholde nettanleggene på en forsvarlig måte. Nettselskapene bestemmer hva som er tillat utover de absolutte kravene som fremkommer av forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Innenfor beltet vil et nettselskap normalt ikke tillate oppføring av nybygg. Det er ingen fast bredde på byggeforbudsbeltet, men basert på erfaring fra konsesjonssøknader er totalt rydde- og byggeforbudsbelte for 66/132 kV på 20-30 meter og for 300/420 kV på 40 meter». Etter det vi kan sjå er det sett av breiare soner enn dette i plankartet, NVE har såleis ikkje merknader til dette.

De bør også markere reguleringsmagasin i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket med føremål reguleringsmagasin (pbl § 11-8 d). Anlegg for produksjon av energi bør de sette av som område for bebyggelse og anlegg.

Kantvegetasjon og opning av lukka bekkar

Kantvegetasjon og opning av lukka vassdrag/bekkar skal sikrast slik det går fram av føresegnene §§ 1.6.11 og 8.1.9 her går det fram at: «Reguleringsplanar skal innehalde ei registrering og sikring av kantvegetasjonsona der planen omfattar vassdrag eller legg til rette for tiltak som kan verke inn på aktuelle vassdrag, angi byggjegrænse mot vassdrag, og avklare korleis vassdrag kan opnast opp att der planen råkar eit område med lukka eller attfylt vassdrag». NVE har ikkje vesentlege merknader til dette.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging; [Arealplanlegging NVE](#). Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for arealdelen av kommuneplanen](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i arealdelen av kommuneplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Prosesen vidare

Når det blir fremja motsegn til planforslaget betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegn har falle bort. Har de spørsmål knytt til motsegn, eller til andre faglege råd i dette brevet ber vi om at de tek kontakt.

Dersom de vel å etterkome motsegnspunkta må de endre planforslaget slik det går fram ovanfor. Når de har endra planframlegget, m.a. på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss.



Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegn på grunnlag av endringar i planforslaget/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendige omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller har motsegn til saka. Jf. plan- og bygningslova § 28-1 og byggteknisk forskrift TEK17 med rettleiing.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnspunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Bjarte Sandal
Seniorrådgjevar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakarar:

SVRV - Region Vest - Aart Verhage
SUNNFJORD KOMMUNE